



Rodney Sutton i aksjon nokre år sidan

Det var så stor interesse for klyppekurset som skal haldast fredag ettermiddag i det nye sauefjøset på Myklebust at deltakinga måtte begrensast til 15. Det kjem sauehaldarar heilt frå Odda, fortel Olav Hjetland Bringedal til uskedalen.no
Sau- og geitlagslaget i Kvinnherad står bak tilskipinga. Fatland står sentralt i næringa i vårt område og gjer det naturleg nok også i samband med klyppekurset. Staben som kjem derifrå vert toppa av fleire gonger verdsmeister Rodney Sutton frå sauelandet New Zealand der saueklypping er ein høgt rangert sport.

Med seg har Sutton Rick Wainright frå Storbritannia og andre Fatland-tilsette som skal sortera og vurdera ulla. Blant dei er også uskedelingen Kåre Kristoffersen.

Ein Fatland-tilsett har forresten nyleg vunne NM i saueklypping for tredje gongen. Det er Inge Morten Tronstad frå Etne som plar klyppa 500 sauer om dagen på jobben!

Sutton står imidlertid for langt større prestasjonar når han er med i ei tevling. Ein rekord skal settast på ein 9 timars dag og han har prestert å klyppa 839 lam og 721 vaksne dyr på denne tida - begge rekordnoteringar. Då Sutton sette rekorden med 839 var han den einaste som var

med på 3 rekordar samtidig ettersom han også hadde delteke på tomannslag og tremannslag.

Han har klypt sauer sidan han var 16,og interessen fekk han heime på garden der faren Lawrence var gjetar.

Sauehald har ein heilt unik posisjon i New Zealand, der det utifrå dei ferskaste statistikkane vi har hatt tilgang til, er 45 millionar sauer og at landet står for 40 prosent av verdshandelen av saue- og lammekjøtt sjølv om det bur berre 4 millionar i landet.

Til samanlikning er vel 2 millionar sauer på utmarksbeite i Noreg.

Av Ola Matti Mathisen



Inge Morten Tronstad har vorte noergsmeister 3 gonger (Foto: Nationen)